



Statens vegvesen - Region Vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Dato: 17.02.2016  
Vår ref.: 2015/5147-5  
Saksbehandlar: bjomidt  
Dykkar ref.:

## Masfjordbrua - melding om vedtak

Fylkesutvalet i Hordaland handsama 29.01.2015, PS 17/16, «Masfjordbrua – opplegg for val av bruløysing» og gjorde slikt vedtak:

*«1. Fylkesutvalet går inn for at det vert sett i gang arbeid med eit teknisk/økonomisk forprosjekt for å avklare bruteknologi/brutype og kostnadsberekning for Masfjordsambandet.*

*2. Fylkesutvalet ber Statens vegvesen vurdere nærare å nytta konkurranseprega dialog (KPD) som anbudsform i prosjektet, slik dette er omtalt i brev datert 21.12.2015 frå Statens vegvesen til Hordaland fylkeskommune om anbudsform for Masfjordsambandet, punkt 5.2.2.*

*3. Fylkesutvalet vil kome attende til eventuell prioritering av Masfjordbrua så snart teknisk/økonomisk forprosjekt ligg føre.»*

Med grunnlag i vedtaket ovanfor ber me om at Statens vegvesen utarbeider eit teknisk/økonomisk forprosjekt for å avklare bruteknologi/brutype og kostnadsberekning for Masfjordsambandet. Me vil med det første kalla Statens vegvesen inn til eit møte for å drøfta opplegg og framdrift for det vidare arbeidet med forprosjektet

Thorbjørn Aarethun  
Seksjonsleiar

Bjørn Inge Midtgård  
Seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*